

U 47-10 Klimakur 2020 - innspel til faktagrunnlaget

Behandling i Fylkesutvalet - 03.05.2010

Ved eventuelt tillegg til uttalen, skal forslaget behandlast i fylkesutvalet i møte 31. mai og ettersendast til Miljøverndepartementet.

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 03.05.2010

Møre og Romsdal fylkeskommune gjev følgjande innspel:

Aluminiumsindustrien på Sunndalsøra – karbonlekkasje

Aluminiumsindustrien på Sunndalsøra i Møre og Romsdal nyttar den mest moderne teknologien for aluminiumproduksjon i Noreg og i Europa. Her nyttar ein vasskraft i produksjonen. Bruk av verkemidlar som inneber at aluminiumsindustrien blir påført vesentleg høgare utgifter til klimagassutslepp enn konkurrerande verksemder i utlandet, vil kunne føre til nedleggingar i norsk industri og flytting av verksemder til andre land. Det er uheldig ut frå eit globalt miljøperspektiv å flytte industrien til land der ein nyttar elektrisitetsproduksjon basert på fossile energibærarar som gass og kol. Ei slik utflytting, karbonlekkasje, vil også føre til ein kraftig auke i utslepp av CO₂ pr produsert eining.

Transportløysing for CO₂ fangst i Midt-Noreg

Møre og Romsdal fylke representerer gjennom Tjeldbergodden eit av dei større industriområda i Noreg med gass som hovudinnsatsfaktor, gjennom m.a. metanolproduksjon. Berre ca 1/3 av kapasiteten til Haltenpipe vert nytta, og resterande kapasitet kan forsyne nye industrietableringar. Tjeldbergodden kan utviklast til eit industriområde der industri som har naturgass som innsatsfaktor, samt CO₂ utslepp som utfordring, kan samlast. Utfordringane er mellom anna at det ikkje er infrastruktur eller deponiløysing i nærleiken av området. Det er med glede vi registrerer at Tjeldbergodden er ført opp som knutepunkt for transportløysing for CO₂ fangst frå industri i Midt-Noreg gjennom Klimakur 2020.

Som det går fram av berekningane, inngår ikkje "Ironman-prosjektet", som er i prosess med utgreiingsprogram for etablering av jarnverk på Tjeldbergodden, i berekningsgrunnlaget. Ironman-prosjektet er svært gunstig i ein CO₂ samanheng, både fordi anlegget nyttar ny teknologi, og fordi ein nyttar naturgass som i seg sjølv reduserer CO₂ produksjonen med 60 % i høve til tradisjonell jarnproduksjon. Jarnverket i seg sjølv, gjennom reformeringsprosessen frå jarnmalm til jarn, medfører fjerning av CO₂ frå prosessgassen i eigen regi. Såleis kan kostnadane for fangst, som utgjer den klart største enkeltkomponentkostnaden for CO₂ løysing, ekskluderast i berekninga.

Dette resulterer i at samla kostnader for fangst, transport og lagring ikkje blir nemneverdig auka, samstundes som samla antall tonn CO₂ til transport og lagringssystem blir auka vesentleg, og inneber at Tjeldbergodden kjem gunstig ut i CO₂ rekneskapen.

Enkelte felt i Norskehavet, slik som t.d. Viktoria-feltet, representerer gass med svært høgt CO₂ innhald. Innhaldet av CO₂ er så høgt at det må fjernast før gassen kan distribuerast gjennom eksisterande infrastruktursystem for gass frå Norskehavet. Slike vurderingar må også bli teke inn i den samla vurderinga av transportløysing for CO₂ fangst i Midt-Noreg gjennom CO₂ knutepunkt ved Tjeldbergodden.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig at desse fakta blir lagt inn i vurderingsgrunnlaget.